



Sigvald Eik får kulturprisen på Solheim laurdag. (Foto: Kvinnheringen)

Laurdag ettermiddag fekk Uskedalens kulturhovding Sigvald Eik kulturprisen for 2007 av ordfører Synnøve Solbakken. Utdelinga fann stad på Solheim Turiststasjon. Clara Skaala frå Rosendal får også prisen for dette året og utdelinga til henne var i Rosendal.

Det var kommunen ved kulturkontoret som inviterte til utdelinga.

Ordføreren sa at begge prisvinnarane hadde bidrege med mykje og gjeve mange auka livskvalitet, Sigvald i første rekkje som diktlesar og talar.

Etter ynskje frå prisvinnaren sjølv troppa Kvinnherad Folkemusikklag opp på Solheim for å spela. Jimmy Øvredal fortalde stubbar og Uskedal-sangen til Sigvald vart framført.

I eit intervju med innsida.no sa han at det sjølv sagt er kjekt å få prisen, men at mange andre i kommunen som gjer eit godt kulturarbeid også kan vera kvalifiserte.

Sigvald har gjort ein stor innsats i ei rekkje lag og organisasjonar: Ungdomslag, skyttarlag, sogelag, bonde- og småbrukarlag, Bygdetunet Rød og Sunnhordland folkehøgskule, for å trekkja fram nokon..

Han har også gjort teneste i politikken både lokalt og på fylkesplanet.

Sigvald trekk særleg fram ungdomslaget, som var med og forma han - også med omsyn til dette med å opptre. - Det var ein liten skule, som du ikkje kan få i dag, sa Sigvald.

Det politiske engasjementet kom ikkje før han var godt vaksen, men han voks opp med Venstrepolitikk i heimen. Kulturprisvinnaren tykkjer kulturskulen av i dag er ein verdfull faktor som dei ikkje hadde tidlegare.

Men ungdomsklubbane kan ikkje "pretera" det same som dei gamle ungdomslaga.

Av Ola Matti Mathisen

[Videoklipp om kulturprisvinnarane:](#)